



# ÅRSMØTE 2026

26. mars kl. 13.00

Straume innbyggjartorg og bibliotek

**Motto for Treff+: «Ein einaste skjønn tone er vakrare enn ein lang tale».**

## **Sak 1: Opning**

Opning ved leiar.

## **Sak 2: Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Årsmøtet vart kunngjort på Facebooksida til Treff+ 21.02.2026 og på Treff+ sin informasjonsside på kommunen sin nettstad.

Saksdokumenta vart ferdige 13.03.26, og gjort tilgjengelege på heimesida til kommunen, Facebooksida til Treff+ og i papirformat på dei tre innbyggjartorga/biblioteka. Saksdokumenta blir også tilgjengelege ved opninga av årsmøtet.

### **Dagsorden for årsmøte i Treff+ 2026:**

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å underskriva protokollen
4. Årsmelding frå styret
5. Rekneskap og revisor-rapport
6. Innkomne framlegg
7. Handlingsplan for 2026
8. Budsjett
9. Val av styreleiar
10. Val av styremedlemmar
11. Val av revisor og to medlemmar til valnemnda
12. Avslutning

### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og dagsorden vert godkjende.

## **Sak 3: Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skriva under protokollen**

Framlegg til vedtak:

Møteleiar: Berit Anita Knudtsen Larsen

Referent: Unni Sørensen

Til å underskriva protokollen -----(forslag på to frå salen)

### **Vedtak:**

## **Sak 4: Årsmelding frå styret i Treff+ for perioden 1. januar – 31. desember 2025**

### **Organisasjonen sin bakgrunn og føremål**

Treff+ vart etablert som eit ope kultur- og handletilbod for seniorar 28. mai 2015. Treff+ vart vedtatt endra til foreining 30. september 2020 og registrert i Brønnøysundregisteret 29. oktober 2020.

Treff+ samarbeider med Øygarden kommune, Thon Senter Sartor, Sund senter og Rong senter samt Aktiv+ og liknande frivillige organisasjonar.

Føremålet er å tilby aktivitetar som skal gi auka livskvalitet og demme opp for einsemd.

## **Styret**

Leiar Berit Anita Knudtsen Larsen, styremedlemmar: Hans Jarle Einarsen (Thon Senter Sartor), Lia Strohmeier (Match, Thon Senter Sartor tom oktober 2025), Rune Erichsen (Sund senter), Marita Torsvik Solås (Rong senter), Vigdis James (Rong), Kari Charlotte Waage (Lindex, Thon Senter Sartor, varamedlem), Magnfrid Sørensen (varamedlem, Straume) og Bjørn Rathem, (varamedlem Straume), Unni Sørensen (kontaktperson, Øygarden kommune).

Det har vore 5 styremøte i 2025 og behandla 32 saker.

Facebookgruppa Øygarden Treff+ har Rune Erichsen som administrator.

## **Medlemstal og medlemskort**

Rabatt- og medlemskortet til Treff+ for 2025/26 vart delt ut i samarbeid med innbyggjartorga. Ved utgangen av året var det 262 medlemmar, nok ein auke på 49 frå året før. Vigdis James har også i 2025 vore Treff+ sin vervegeneral.

## **Økonomi**

Økonomien i Treff+ er fortsatt god. Øygarden kommune gir ei årleg tildeling på 25 000 kroner til glede for seniorane i kommunen, noko Treff+ set stor pris på. Allsong+ og Demenskor+ har vore finansierte av tilskot frå sponsorar. Det vart også søkt om momskompensasjon som vi fekk godkjent. Treff+ oppretta Vipps og grasrot i 2025. Det vert vist til eigne vedlegg for økonomien under sak 5 rekneskap.

## **Aktivitetar**

Året 2025 har vore nok eit godt og aktivt år.

Vi har gjennomført følgjande:

- **Demenskor+** onsdagar klokka 12.30-14.00. Per i dag er det 10 frivillige som er med å drifte Demenskoret+. I tillegg er ein så heldig å ha 4 faste sjåførar. Det er leigd inn to faste musikkterapeutar frå kulturskulen. Kostnadar vert dekkja av Treff+.
- **Allsong+** torsdagar frå klokka 13-14. Frå 21. august vart tilbodet endra til anna kvar torsdag (partalsveker). Kostnadar til musikanane vert dekkja av Treff+.

Generalsponsor for Allsong+ og Demenskor+ er: Sparebanken Norge. Hovudsponsorar er Veidekke og Sartor Holding/Thon Senter Sartor. Andre sponsorar 2025 er Øygarden kommune, Liegruppen, Sotra Rotary Klubb, Straume Handelpark, Sartor Drange, Sigba Eigedom, Folkeakademiet Vest, Odeon kino, Radio Sotra og Vestnytt.

Tilboda er svært populære, med totalt 3735 besøkande på Allsong+ frå januar til desember 2025. Frå hausten 2025 gjekk vi over til anna kvar torsdag i partalsveker som gir eit snitt på 120 deltakarar. På Demenskor+ er det i snitt 13-15 koristar kvar veke.

Ekstra markeringar og feiringar:

- Treff+ markerte 10-års jubileum 12. juni i kultursalen. Hovudtalarar for jubileet var pårørende for koristar i Demenskor+ og ein fast deltakar frå Allsong+.
- Sommaravslutning med Demenskoret+ 3. juni 2025.
- Demenskoret+ hadde julekonsert i Foldnes kyrkje 10. desember med harpemusikk og tenor som nydeleg akkompagnement til koristane. Vi fekk også oppleve flott song og musikk frå ein elev ved kulturskulen.
- Juleavslutning Allsong+ 11. desember Odeon kino starta med gløgg og peparkaker som god oppvarming til allsongen.
- Stafett for Livet, treff+ Optimistene 31. mai – 1. juni 2025.



*Treff+: Juleavslutning Demenskoret 10.12.25 Foto: Vigeik Brekke*

- Øyna/Sartor Bowling: Det gode samarbeidet med Sotra vgs elevrestaurant fortsett. Øyna er driven av lærere og elever på Restaurant og matfag, Salg, samt Service og reiseliv. Øyna tilbyr heimelaga middag, laga frå grunnen, til dei som ønskjer det etter Allsong+ torsdagar. Middagsgjestene betaler kostpris som inkluderer eit sett med bowling. Eit meget vellukka tilbod som vi alle sett stor pris på.



*Elevar frå Sotra vgs serverer mat laga frå grunnen. Foto: Unni Sørensen*

- Det er gjennomført 6 **data grunnkurs** med noko eller lite forkunnskap. Det er gjennomført kurs på alle tre innbyggjartorg/bibliotek. Kurshaldar var Kim Kristiansen, Harddisk. Kursa var gratis og på tre timer med veldig gode tilbakemeldingar.



*Treff+ datakurs på innbyggjartorg/bibliotek Skogsvåg, 25. september 2025. Foto: Unni Sørensen*

- **Litterær Salong** (tidl. litterær matpakke) er eit populært tilbod på innbyggjartorg og bibliotek kvar månad, første torsdag på Sundsenteret og siste torsdag på Thon Senter Sartor.
- Tre vellukka **moteshow** vår og haust på Thon Senter Sartor i samarbeid med Gjenbruk Sotra NMS. På Rong senter eit show på våren. På moteshowa deltok totalt ca 400 innbyggjarar. Moteshowa våre er godt innarbeida - stor takk til mannekengane som fekk ei lita påskjønning kvar. Det er per i dag 14 mannekengar i modellstallen til Treff+.



*Moteshow Thon Senter Sartor 7. november 2025 Foto: Unni Sørensen*

- **Treff+ Juleavslutningar:** 26. november på Rong senter, 4. desember på Thon senter Sartor og 5. desember på Sund senter. Seniorane fekk juleblomar frå lokale blomebutikker, kaffi og noko å bite i og trekkspelmusikk frå Seniorkameratane.

### **Avslutning**

Treff+ er takksame for samarbeidet med Øygarden kommune, Thon Senter Sartor, Rong senter og Sund senter. Vi takkar også for godt samarbeid med Harddisk på Thon Senter Sartor for datakurs. Takk til alle frivillige som stiller opp på Treff+ aktivitetar og Seniorkameratane for god musikk! Vi vil også rette stor takk til tilsette på innbyggjartorg og bibliotek for god hjelp og støtte.

Ei heilt spesiell takk til våre sponsorar- utan dykk ville vi ikkje kunne tilby dette til våre kjære innbyggjarar i Øygarden.

Styret i Treff+ 26. februar 2026

Berit Anita Knudtsen Larsen (leiar) (s)

Hans Jarle Einarsen (s)

Vigdis James (s)

Rune Erichsen(s)

Marita Solsvik Solås (s)

Lia Strohmeier(s)

Kari Charlotte Waage (s)

Unni Sørensen (s)

Magnfrid Sørensen (s)

Bjørn Rathem (s)

**Framlegg til vedtak:** Årsmeldinga vert godkjend

## **Sak 5: Rekneskapar og beretningar frå revisor 2025**

**Rekneskap og melding frå revisor: Treff+ driftskonto**

## TREFF+ REGNSKAP DRIFTSKONTO ÅR 2025

<b>Inntekter</b>				<b>2025</b>
Saldo banken pr 31/12/24				36166,91
Kommunalt tilskudd fra ØK 2025				25000,00
Tilskudd fra ØK til 10 års jubileum for Treff+				10000,00
Sponsormidler Sparebanken Norge				200000,00
Sponsormidler Sparebanken Norge				90000,00
Kundeutbytte fra Sparebanken Norge/2024				1552,00
Lotteri-og Stiftelsestilsynet 16/12/25				39308,00
<b>Sum inntekter</b>				<b>402026,91</b>
<b>UTGIFTER</b>				<b>2025</b>
Bankkostnader				501,50
Administrasjon/styremøter				1669,00
Overført til Demenskor/Allsong midler fra Spareb				200000,00
Markering av 10 års jubileum for Treff+ juni 2025				37483,00
Deltakelse Stafett for livet, te-skjorter				2118,75
Motehow, Sartor/Rong				9447,60
Datakurs- videregående/grunnkurs				42000,00
Juleavslutning for koristene -pårrørende og gjester				5820,56
Juleavslutning - desember på de 3 sentrene				12840,00
<b>Sum utgifter</b>				<b>311880,41</b>
<b>Driftsresultat</b>				<b>90146,50</b>

Regnskap

Bank saldo pr 31/12/2025

### REVISORS BERETNING

Regnskap revidert og godkjent *05.03.2026*

Kjell Bergesen

Revisor

Berit Anita knudtsen Larsen

Styreleder

## **REVISJONSBEKREFTELSE**

**Til Årsmøtet i Treff+ drift.**

**Revidert regnskap for TREFF+ drift.**

Konklusjon

Undertegnede har revidert foreningens resultatregnskap for **2025** i samsvar med foreningens vedtekter og gitte retningslinjer.

Resultatregnskapet viser et overskudd på kr 90.146,50

Revisjonen har ikke gitt grunn til revisjonsanmerkninger. Det er påsett at utbetalinger støtter seg på godkjente bilag.

Etter min mening oppfylder årsregnskapet gjeldende lovkrav, og gir årsregnskapet et rettviseende bilde av foreningens finansielle stilling per 31. desember 2025.

Straume 05. mars 2026

---

Kjell Bergesen

‘Revisor’

**Rekneskap og melding frå revisor: Allsong+ og Demenskor+**

## TREFF+ REGNSKAP FOR DEMENSKOR+/ALLSONG+ 2025

<b>Inntekter</b>			<b>2025</b>
Saldo pr 31/12/2024			257125,87
Generalsponsor Sparebanken Norge			200000,00
Hovedsponsorer			65000,00
Øygarden kommune			35000,00
<b>Sum inntekter</b>			<b>557125,87</b>
<b>Utgifter</b>			<b>2025</b>
Honorar til musikerne			175200,00
Kostnad - Musikkterapeutene			50000,00
Honorar - vikar for musikkterapeutene			6000,00
Administrasjonsutgifter/diverse til begge korene			9947,40
Pålagt Tonoavgift			9726,79
Sosial sammenkomst sommer/jul, begge korene			10409,40
Demnskor+ Baker Brun/Bunnpris			18304,80
Julearrangementer/konsert			12480,60
Utgift m/lys/lyd- julekonsert Demnskor+			9973,00
Tranport- henting av koristene/lange avstander			20 527,08
<b>Sum driftskostnader</b>			<b>322569,07</b>
<b>Driftsresultat</b>			<b>234556,80</b>

Regnskap

234556,80 Bank saldo pr 31/12/2025

### REVISORS BERETNING

Regnskap revidert og godkjent

05.03.2026

  
Kjell Bergesen  
Revisor

  
Berit Anita Knudtsen Larsen  
Styreleder

## **REVISJONSBEKREFTELSE**

**Til Årsmøtet i Treff+ Demenskor+/Allsong+**

**Revidert regnskap for TREFF+ Demenskor+/Allsong+**

Konklusjon

Undertegnede har revidert foreningens resultatregnskap for **2025** i samsvar med foreningens vedtekter og gitte retningslinjer.

Resultatregnskapet viser et overskudd på kr 234.556,80

Revisjonen har ikke gitt grunn til revisjonsanmerkninger. Det er påsett at utbetalinger støtter seg på godkjente bilag.

Etter min mening oppfylder årsregnskapet gjeldende lovkrav, og gir årsregnskapet et rettvise bilde av foreningens finansielle stilling per 31. desember 2025.

Straume 5. mars 2026

---

Kjell Bergesen

‘Revisor’

**Rekneskap og melding frå revisor: Treff+ Fondskonto**

### TREFF+ FONDSKONTO 2025

<b>Inntekter</b>				<b>2025</b>
Saldo banken pr 31/12/24				5054,70
Tilbakeført pga utbetaling til Allsong				5220,00
Vipps				8272,59
Norsk Tipping-grasrot				1338,64
<b>Sum inntekter</b>				<b>19885,93</b>
<b>UTGIFTER</b>				<b>2025</b>
Betalt til musiker til Allsong i april 2025				5220,00
<b>Sum utgifter</b>				<b>5220,00</b>
<b>Driftsresultat</b>				<b>14665,93</b>
				<b>14665,93</b>

Regnskap

Bank saldo pr 31/12/25

### REVISORS BERETNING

Regnskap revidert og godkjent 09.03.2026

  
Kjell Bergesen

Revisor

  
Berit Anita Knudtsen Larsen

Styreleder

## **Revidert regnskap for TREFF+ Fondskonto**

### Konklusjon

Undertegnede har revidert foreningens resultatregnskap for **2025** i samsvar med foreningens vedtekter og gitte retningslinjer.

Resultatregnskapet viser et overskudd på kr 14.665,93.

Revisjonen har ikke gitt grunn til revisjonsanmerkninger. Det er påsett at utbetalinger støtter seg på godkjente bilag.

Etter min mening oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og gir årsregnskapet et rettviseende bilde av foreningens finansielle stilling per 31. desember 2025.

Straume 5. mars 2026

---

Kjell Bergesen

‘Revisor’

**Framlegg til vedtak:** Rekneskapen vert godkjend

**Sak 6: Innkomne framlegg**

**Sak 7: Handlingsplan for 2026/27**

**Vår:**

- Allsong+ anna kvar torsdag og Demenskor+ kvar onsdag
- Årsmøte innan utgangen av mars
- Videoprojekt Demenskoret+?
- Moteshow Thon Senter Sartor 15. Mai
- 23. April Rong senter
- Stafett for livet – Treff+ optimistene 6. – 7. juni
- Markering av 3- års jubileum for Allsong+ mars og Demenskoret+ mai

**Haust:**

- Allsong+ anna kvar torsdag og Demenskor+ kvar onsdag
- Grunnkurs data, oppstart slutten av september. Opplegg, evaluering av kurs haust 2025 og planlegging med Harddisk om nye kurs.
- Moteshow oktober/november?
- Juleavslutningar dei tre sentera i desember

**Framlegg til vedtak.**

1. Årsmøtet godkjenner handlingsplan med mynde til styret til å foreta eventuelle endringar for 2026/27.

**Sak 8: Budsjett 2026 Treff+ og Allsong+ og Demenskor+**

Framlagt på årsmøte 26.3 2026

**Forslag budsjett 2026 Treff+: driftskonto****Framlegg til vedtak:**

Budsjettet vert godkjent.

**Forslag budsjett 2026: Allsong+ og Demenskor+****Framlegg til vedtak:**

Budsjettet vert godkjent.

**Forslag budsjett 2026 Treff+: Fondskonto****Framlegg til vedtak:**

Budsjettet vert godkjent.

## **Sak 9: Val av styreleiar**

**Innstilling frå valnemnda**

## **Sak 11: Val av revisor og to medlemmar til valkomité.**

### **Revisor:**

Framlegg om attval på Kjell Bergesen for eitt år.

-----

**Framlegg til valnemnd:** Forslag vert lagt frampå årsmøte.

### **Framlegg til vedtak:**

Valnemndas innstilling vert godkjend.

## **Sak 12: Avslutning ved leiar**

**Straume, 26.02.26**

Berit Anita Knudtsen Larsen og Unni Sørensen